

Til Bergensalliansen sitt møte 30. januar 2015

Frå ordførar Jon Askeland, 29. januar 2015

Notat om ein del dagsktuelle forhold i telekomsektoren.

Viser til samtalar om saka under strategikonferansen, og pga mitt forfall i morgon der saka eg har eit langvarig engasjement i kjem opp, sender eg dette notatet, som belyser ein del forhold, og som gjev nokre framlegg til vidare handsaming.

Telenor sitt brev til samferdsleministeren 17. desember 2014.

Viser til vedlagte brev. Brevet er eit svar på ei bestelling ministeren har gitt til Telenor. Det er godt at ministeren interesserer seg for saksområdet, men eg anar at det må ha gått føre seg ein dialog mellom partane i forkant, for det eg reagerer påer at brevet er einsidig skrive ut frå Telenor si vurdering, og har eit oppsiktsvekkjande ordval overfor kommunane. Å omtala kommunar som «vanskelege» er spesielt frå ein slik aktør. I tillegg burde dette vore nærare grunnlagt frå Telenor si side, og også med ei kritisk eigavurdering av om Telenor kan ha bidratt sjølv til at forhold er vanskelege. Vidare burde brevet vore langt meir inviterande til dialog, ikkje minst med kommunektoren sjølv, og kanskje kombinert med kommunal- og moderniseringsdepartementet.

For det er sjølv sagt at kommunane også på dette området har ein normal/standard som er breitt og trygt fundert,- dette har Telenor mi fulle støtte i.

Ei rekkje kommunar i Bergensområdet, leia av Askøy, har utarbeidd framlegg til ny vegnormal og gravenormal. Det er denne som gjer at så mange av kommunane i Bergensalliansen er «hengt ut» ved namn. Det positive er at kritikken mot oss er på det prinsipielle nivået, ved at dei peikar på at framlegg til gravenormal vil vera krevjande/fordyrande for Telenor. Det er forståeleg at Telenor er engasjert i dette.

Men, eg reagerer på at Telenor har utvist lite grundig faktasjekk i brevet. Radøy kommune har t.d. ikkje tatt del i arbeidet med gravenormal, og har heller ikkje innført ein så «streng» normal som dei viser til. Eg forventar betre presisjonsnivå, og finn det beklageleg at kommunen på feilaktig grunnlag vert hengt ut i brev til Regjeringa.

Eg rår til at Bergensalliansen inviterer til dialog omkring spørsmåla knytt til vegnormal/gravenormal. Men, då må fleire enn Telenor delta, for det må då vera kommunane som i sum lagar normalar som er forsvarlege, og gjort på kommunen sine premiss!

Eg har fått innspel på at Telenor mange stader ofte grev utan å søkja/spørja, og dei grev då på kommunal eigedom.

Eg får inntrykk av at Telenorbrevet er ei bøn om å få eit statleg forskrift, slik at Telenor slepp forhalda seg til kommunane og bestemmelsane i plan- og Bygningslova. Eg er sterkt kritisk til dette, og rår til at Bergensalliansen tek saka opp med både KS og Kommunaldepartementet, der saka høyrer heime.

Eg viser også til at KS Hovudstyre har handsama sak og fatta ein god uttale (vedlagt).

Avslutningsvis klarar eg ikkje å fri meg frå at Telenorbrevet verkar som ein avledningsmanøver for kritikken dei får både for manglande tele- og fiberdekning.

Uttale frå direktøren i Nkom.

I etterkant av brevet frå Telenor har direktøren i Nkom (tidlegare post- og teletilsynet) gått særst hardt ut i Kommunalrapport (link vedlagt). Dette er den mest grelle uttalen eg har sett på lenge, og osar av statleg arroganse! Han gjev full støtte til Telenor, og seier at «vanskelege» kommunar skal straffast med å ikkje få støtte til fiberutbygging!!?? Å straffa kommunane er å straffa folket,- dette er uhøyr.

Eg rår til at Bergensalliansen tek opp med Nkom uttalen han har gitt, og at me forventar at han inntek ei meir løysingsorientert haldning.

Etter mitt syn bør KS sentralt snarast be om møte med Nkom, for dette er eit alvorleg overtramp. Han burde vera opptatt av at det vert drøfta t.d kva er forsvarleg gravedjupne, søknadsprosedyrer, eigeomsforhold til infrastruktur m.m. Og ikkje minst at innbyggjarane vert sikra teledekning og breiband og beredskapsmessige omsyn!

«Kvite mobilflekkar»

Det er å håpa at Telenorbrevet og debatten som den har ført med seg vert utløyssande for at staten og teleoperatørane viser handlekraft og tilbyr innbyggjarane tele- og fiberdekning.

Det øvste ansvaret har staten, som har definert full mobildekning til å vera lik 98% dekning for dei fastbuande. Dette er eit konsesjonskrav overfor Telenor/Netcom, og det er oppfylt på nasjonalt nivå.

Men, den største utfordringa med kvite flekkar er kystlandskapet i Hordaland, derfor er Bergensregionen spesielt dårleg dekket. Underteikna og andre har sidan 2010 tatt dette opp med både Stortings- og Regjeringsapparat, til no utan hell.

Regjeringa løyvde i 2010 midlar til å få dekket dei kvite flekkane. Kommunane måtte søkja, og kunne så etter offentlege anbudsreglar transportera pengane vidare til teleoperatørane for utbygging av infrastruktur. Fleire kommunar i Hordaland søkte og fekk del i desse pengane, og fylkeskommunen gav god støtte i arbeidet.

Midlane er lyst ut på Doffin tre gonger både enkeltvis og samla blant kommunane. Ingen av teleoperatørane har gitt anbod, men dagen etter anbudsfristen gjekk ut vart me kontakta av Telenor, og underteikna var saman med Karstein Totland på møte med Telenor.

Der fekk me melding om at Norges offentlege anbudsreglar passar ikkje for Telenor.

Me fekk vidare grei melding om at så lenge Telenor innfrir konsesjonsvilkåra, så var kostnaden deira med å byggja ut infrastruktur for resten av landet høgare enn dei såg økonomisk nytte av. Dei sa altså rett ut at kundeservice og omdømebygging utover statens krav var uinteressant. Og, dei la til at dersom dei skulle tilby meir, så måtte kommunane bidra, for det er på det reine at midlane frå staten på langt nær er tilstrekkeleg for å byggja nødvendig infrastruktur. Truleg er kostnaden to – tre gonger høgare enn den nasjonale løyvinga.

Me har seinare hatt gode drøftingar med både Telenor og Netcom for å finna løysingar. Telenor tilbyr kommunane ein intensjonsavtale, som inneber at nødvendig infrastruktur for å dekkja kvite flekkar må kommunane ta. Først då kan Telenor bidra med ein basestasjon. Dermed definerer Telenor dette som ei kommunal oppgåve, og det synest altså som at nasjonale styresmakter støttar dette. Fem år etter løyvinga står midlane ubrukt, og det trass iherdig innsats frå kommunane. At kommunane skal bruka investeringsmidlar for å subsidiera teleaktørane er heilt urimeleg!

Eg rår til at Bergensalliansen både ber staten endra konsesjonskrava, og ber teleoperatørane også visa større eigeninteresse i servicehaldning overfor kundane enn minimumsnorma frå staten.

Etter stormen Nina.

Stormen som førte til særskilde vindfall på straumlinjer og telelinjer gjev følgjande observasjon:

1. BKK (og andre kraftselskap) jobba uavbrote for å reparera skadene og gje innbyggjarane straumen tilbake snarast råd. Inn til privathus førte vindfall typisk nok til at både lavspenkabel og telekabel fall ned. Framifrå gjort!
2. På telefonsektoren får fastabonntar svar frå Telenor at dei må rekna med å ikkje få nettet tilbake før ut i februar. Altså har ikkje dei ein organisasjon og kriseforståing på same måte som kraftselskapa, men dei distanserer seg frå abonnentane sine.

Abonntar som kontaktar Telenor om problematikken får dårlege svar, og nokre får svar om å kontakta underleverandørane! Det er då ikkje underleverandørane ein kjøper telefonabonntet av? – det er faktisk Telenor.

Eg synest Telenor gjev uttrykk for ei svak kundeservice i situasjonen, og dei har kanskje for dårlege avtalar med underleverandørane, sidan det synest greitt at reparasjon av telelinjene tek den tida det tek. Dette burde interessera Samferdselsministeren og Nkom.

Den lange tida utan telefoni, er også ei beredskapsmessig uakseptabel løysing.

Eg finn det også underleg at ikkje Fylkesmannen verken sette krisestab eller har interessert seg for manglande teledækning etter stormen,- det har i alle fall ikkje vore registrert engasjement frå Fylkesmannen til min kommune.

Ei så langvarig svekka beredskap i Bergensregionen vert tydelegvis ikkje vurdert som kritisk av Fylkesmannen/DSB, det er alvorleg.

Eg rår til at Bergensalliansen vurderer å ta opp Telenor si seine reparasjon etter stormen til aktuelle instansar (KS, DSB, Nkom, Kommunaldepartementet, Samferdslesdepartementet).

Døme frå annan aktør.

Radøy søkte og fekk breibandsmidlar i 2013. Desse vart lyst ut på Doffin. Det kom eitt tilbod - BKK/Altibox. Dei har på rekordtid gjort ein imponerende sals- og gravejobb, og ført fiberbandsdekninga i kommunen opp på 60%! Dei gjev kommunen ros for rask og velvilig sakshandsaming for graveløyve mm. Så, eg kjenner meg ikkje att i at kommunane i Bergensområdet er så vanskelege, dersom dialogen og søknaden er god, for eg veit det er fleire kommunar der situasjonen med fiberutbygging i regi av BKK/Altibox også går på skinner.

Eg rår til at Bergensalliansen sender bekymringsmelding om Telenors seine reparasjon etter stormen til aktuelle instansar (KS, DSB, Nkom, Kommunaldepartementet, Samferdslesdepartementet).

Avsluttande kommentår.

Lukke til med møtet, eg håpar notatet belyser ein del av problemstillingane, som eg veit gjeld i alle kommunane våre. Det var spesielt å høya på NRK Hordaland sist veke at Telenor var kritisk til at Bergen kommune si byggesaksavdeling skal vurdera ein synleg installasjon.

I botn og grunn handlar heile saka om motvilje mot kommunal forvaltning og ønskje om statlege direktiv kombinert med svakt samfunnsansvar for å sikra innbyggjarane sjølvstøtt infrastruktur med mindre dei kan få dette til gjennom at kommunane subsidierer telesektoren.

Det er mange dyktige fagfolk i telekomsektoren og kommunane som samarbeider godt, og som heile tida utviklar gode løysingar. Desse fortener vår støtte.

Telenor og Nkom har gått hardt ut mot kommunesektoren og kommunane i Bergensregionen, og eg er skarp i tilbakemeldinga. Debatt og ulike standpunkt kan føra noko godt med seg, eg er utålmodig etter at innbyggjarane i Bergensregionen snarast råd får mobildekning og breiband. Ansvar ligg hjå staten og telekomaktørane,- dei skal få mi fulle støtte og innsats for å koma dit.